

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK.: VSS	S.BEH.: MEK
7 OKT. 2008	
S.NR.: 08 333-49	
ARKIV: 602.0	AVSKREVET:

Fra: Atle Reinsberg [mailto:Atle.Reinsberg@mrfylke.no]

Sendt: 3. oktober 2008 10:23

Til: Marianne Engeset Kristing

Kopi: Arnfinn Øen

Emne: Forskrift om universell utforming av transportmidler på veg - høringsuttale Møre og Romsdal fylke

Hei

Jeg viser til Samferdselsdepartementet sitt brev datert 2. juli 2008

Vedlegger høringsuttale fra Møre og Romsdal fylke.

<http://www.mrfylke.no/mbok.aspx?m=22664&type=2>

Vedtaket i fylkesutvalget var samrøystes i tråd med tilrådinga og tidlegare vedtak i samferdselsutvalget. Utskrift av protokoll kan ettersendast når protokollen er ferdig utskreve

Med vennleg hilsen

Atle Reinsberg
rådgiver/advisor
tlf direkte/phone +47 71 25 87 40
Atle.Reinsberg@mrfylke.no

MØRE OG ROMSDAL FYLKE
SAMFERDSELSAVDELINGA
FYLKESHUSET
6404 MOLDE

MØRE AND ROMSDAL COUNTY
DEPARTMENT OF TRANSPORT
FYLKESHUSET
6404 MOLDE
NORWAY

06.10.2008

Saksframlegg : Fylkesutvalet
Møtedato: 29.09.2008

**Sak : U-82/08 Å -- UNIVERSELL UTFORMING
HØYRINGSFRAMLEGG NY FORSKRIFT UTFORMING AV
TRANSPORTMIDLAR FRAMLEGG AV TRANSPORTMIDLAR**

Bakgrunn

Odelstinget vedtok 10. juni 2008 "Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)".

Antidiskrimineringslova er 2 - delt:

ein del om diskriminering
ein del om tilgjenge (universell utforming)

Lova gjeld alle samfunnsområde, også arbeidslivet. Lova inneber ei plikt til tilrettelegging gjennom universell utforming. Universell utforming inneber å utforme produkt og omgjevnad på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske, i så stor grad som mogleg, utan særleg trong for tilpassing.

På transportområdet vil antidiskrimineringslova omfatte transportmidlar (sjø, bane, veg), terminalar, informasjonssystem (IKT).

Høyringsframlegg bussar og bilar

Iverksettinga av lova føreset utarbeiding av forskrifter. Samferdselsdepartementet har i brev datert 2. juli 2008 sendt ut på høyring framlegg til "ny forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv" (brev og framlegg vedlagt).

Framlegg til forskrift trer i kraft 1. januar 2009 og framlegget omfattar:

Rutebussar i bussklasse 2 (lokalruter) og bussklasse 3 (langruter)
Bilar (drosjer) som skal utøvast med løyve for transport av funksjonshemma

Det er i dag krav til universell utforming av bussar i bussklasse 1 (bybussar) ved at EU-krav er innarbeidd i bussforskrifta. Det er i stor grad desse krava som no også blir knytt til bussklasse 2 og 3. Dette inneber skjerpa krav knytt til:

Inn- og utstiging av buss med m a krav til dørbredde, trinnhøgde, nedsenking av buss (kneling), rullestolrampe eller rullestolheis.
Reservert plass for funksjonshemma, plass for rullestol, sikring av rullestol.
Audiovisuell (lyd og tekst) haldeplassinformasjon, pliktogram.

Når det gjeld om ein buss kan utstyrast med rullestolrampe eller heis, legg forskrifta opp til at bussen sin konstruksjon avgjer dette. Ved rullestolrampe er det krav om maksimalt stigning frå bakkenivå. For bussar der sitteplassane er i ei viss høgde over bakken, vil det truleg krevjast rullestolheis. Rullestolramper vil kunne oppfylle krava dersom bussen har låggulv/lågentre

Krava vil gjelde ved kjøp av nye bussar etter 1. januar 2009. Krava gjeld ikkje eksisterande bussar.

For bilar/drosjer er krava i stor grad knytt til ramper, heis, plass og sikring av rullestol.

Forskrifta opnar for at løyvemynde kan gjere unnatak frå krava i einskilde høve. I praksis gjeld dette primært informasjonssystem.

Vurdering

Antidiskrimineringslova vil få stor verknad på transportområdet. Universell utforming er ein ny tenkemåte for å

gjere vårt offentlege rom mest mogleg tilgjengeleg. Universell utforming har eit klårt menneskerettsaspekt. Forut for lova ligg det eit omfattande utgreiingsarbeid (NOU 2001 nr 22 "Frå brukar til borgar.") Andre land, til dømes USA, har tidlegare innført tilsvarende lovverk. Fleire europeiske land har kome lenger enn Noreg med å innarbeide universell utforming.

Denne saka gjeld berre transportmidlar. Samferdselsdirektøren vil sterkt påpeike at lova sitt verkeområde på transportområdet går langt utover utforming av berre transportmidlar. Å skifte ut bussar er kanskje ein mindre krevjande del. Det må arbeidast med å gjere heile reisekjeda tilgjengeleg, t d :

Utforming av ruteinformasjon, billettautomatar. Nettbasert ruteinformasjon (eks Trafikanten) må kunne nyttast av svaksynte/blinde.

Utforming av terminalar, haldeplassar, ledelinjer. Det kjem krav om utbetring av også eksisterande terminalar. Krav vil bli innarbeidd i forskrift til plan- og bygningslov. Terminalar i Møre og Romsdal vil måtte utbetrast innan fristar som blir sett (mogleg innan 2019).

Vedlikehald av vegar, t d brøyting

Krav til transportørar

Transportområdet er kjenneteikna ved at ansvar er knytt til 3 forvaltningsnivå (kommune, fylke, stat) og transportutøvarar (busselskap, reiarlag, drosjenæring). I Møre og Romsdal har ingen forvaltningsinstans pr dato teke ein aktiv rolle for å få samhandling mellom ulike aktørar. Ved forvaltningsreforma vil Møre og Romsdal fylke få ansvar for viktige område som i dag ligg til Statens vegvesen (riksvegar og ferjer). Å greie å få samhandling i tiltak, tid og stad vil vere avgjerande for å gjere ei reisekjede betre tilgjengeleg. Samhandling i tiltak (bussar, terminalar, haldeplassar) langs prioriterte rutestrekningar er eit viktig spørsmål. T d kan Timekspresstrekninga Volda – Kristiansund vere ei strekning å prioritere.

Samferdselsdirektøren har ingen spesielle merknader til sjølve utforminga av forskrifta. Krava er i stor grad ei vidareføring av eksisterande krav for bybussar. I framlegget til kontraktsgrunnlag for busstenester (01.01.09 – 31.12.12) er det krevd at bussar må oppfylle dei til ei kvar tid gjeldande krav i bussforskrifta. Ved eventuell innføring av anbod vil utforminga av konkurransegrunnlaget avgjere krava til materiell.

Forskriftskrava vil innebere:

Dyrare bussar i innkjøp og drift. Vegdirektoratet har berekna meirprisen til kr 98 000 – 213 000 pr buss. Dyrast dersom det må monterast rullestolheis. Årleg auka vedlikehaldsutgifter er berekna til kr 7 000 – 12 000 pr buss. Berre bybussar (klasse 1) er i dag bygd med låggulv/lågentre der rullestolrampe kan nyttast. Klasse 2 og klasse 3 bussar er i dag høgbygde og kan krevje rullestolheis for å oppfylle krava. Det er å håpe at krava kan utløyse "kreativ design" av bussar.

Moglege konsekvensar for Timekspressten. Bussane har ei lengde på 12 meter av omsyn til ferjetakstar. Forskriftskrava knytt til rullestol kan redusere tal passasjerplassar med 4, noko som eventuelt kan krevje større bussar og utløyse høgare ferjetakstar.

I Møre og Romsdal er det om lag 400 bussar i rutedrift, dei langt fleste i bussklasse 2 og 3. Med noverande maksimale levetid på slike bussar (inntil 15 år) blir det kvart år innkjøpt om lag 30 bussar. Auka årleg innkjøpskostnad kan med Vegdirektoratet sine berekningar utreknast til 4,5 – 6,0 mill kroner. Auka vedlikehaldskostnader om lag kr 350 000.

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal sluttar seg til framlegget til forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m v.

Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 03.09.2008

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal sluttar seg til framlegget til forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m v.

Fylkesdirektørens tilråding:

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal sluttar seg til framlegget til forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport m v.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør
Arild Fuglseth
samferdslsdirektør

Arild Fuglseth Atle Reinsberg

samferdselsdirektør rådgivar
